



Andreas med eit lam som vart født i går!

Langfredag i 2014 vert ein strålende fridag for dei fleste, men ikkje for alle dei driftige sauebøndene i Uskedalen. Ein av dei som verkeleg satsar friskt i så måte er Andreas Kristoffersen (34) på Musland, som uskedalen.no møter blant nyfødte lam i nyrestaurert fjøs. Han har no satsa ein halv million og er ferdig med investeringa innvendig. Det er på tide å få inn att noko, understrekar Andreas.

No kjem imidlertid turen til opprustinga ute.

Andreas er også Nordsjøarbeidar og skulle eigentleg vore på bøljan blå no om dagen.

Men det er ikkje alltid like enkelt å styre tida for lemminga.

-I år starta den nokre dagar før planlagt, allereie sist fredag, og førebels har eg fått 30 lam. Eg reknar med at det vert 180 eller 190 denne våren. Denne vinteren har eg hatt 92 men kapasiteten er 140. Heldigvis har eg fri no og fram til 16. mai. Men på Grunnlovsdagen er eg attende i Nordsjøen!

Trass i sine relativt unge år har Andreas allereie vore i Nordsjøen i 12 år. Han er oppvaksen på Musland, og flytta heim med familien sommaren 2009 og stortrivs tydelegvis som gardbrukar.

- Korleis kan du makta å ha to så krevande dobbeltjobbar?
- Det går bra så lenge pappa Anders er frisk og rask og eg i tillegg får hjelp av søsken, seier Andreas, som også står på for å auke

forgrunnlaget ved dyrking både her og der. No skal han dyrka meir nede i dalen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen